

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 15.01.2018  
Vår ref.: 2015/10280-38  
Saksbehandlar: ambrein  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Oversender rapport frå arkeologisk registrering - Fv 555 Kolltveit - Austefjorden - Reguleringsplan for ny veg - Fjell og Sund kommunar

Vi viser til vårt brev datert 18.11.15 der det vart varsla om trong for arkeologiske registrering i ovafor nemnde sak. Vi viser også til vårt brev datert 19.11.15 der vi oversende kostnadsoverslaget for arkeologisk registrering, samt Dykkar aksept av kostnadsoverslaget datert 22.12.15. Vi viser også til seinare dialog i saka.

Den arkeologiske registreringa er gjennomført i fleire omgangar, i hovudsak grunna tilpassingar til slått i området. Den første registreringsperioden (i hovudsak manuell prøvestikking) vart gjennomført i perioden 19.04.-20.10.2016, medan den andre registreringsperioden (i hovudsak maskinell sjakting) vart gjennomført i perioden 16.-24.10.2017.

Det vart påvist til saman 8 automatisk freda kulturminne i planområdet, alle frå steinalder. I tillegg vart det påvist 12 ikkje freda funnstader frå steinalder og nyare tids kulturminne i form av mellom anna torvhus, steingardar, vegfar, og restar etter krigsminne i tilknytning til Fjell festning.

Automatisk freda kulturminne skal som hovudregel bevarast i reguleringsplan gjennom arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, kombinert med omsynssoner og tilhøyrande føresegner, jf. plan- og bygningslova §§ 11-8c, 11-8d og 12-6. Automatisk freda kulturminne skal markerast med omsynssone d (SOSI-kode H730), avgrensinga skal omfatte lokalitetsavgrensing samt fem meter sikringssone. Vidare bør det leggjast ei omsynssone c (SOSI-kode H570) i eit større areal rundt lokaliteten for å sikre kulturminnet mot inngrep og skjemming, jf. §3 i kulturminnelova. Kulturminne som blir liggjande i tilstøytande areal til reguleringsplanen bør òg inkluderast i planavgrensinga med omsynssoner.

Der planen ikkje kan justerast for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Tilråding til dispensasjon føreset at Hordaland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen. Det er Riksantikvaren som eventuelt kan gi dispensasjon frå kulturminnelova etter §8,4 ledd. Dette skjer når reguleringsplanen er lagt ut til offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærare arkeologisk gransking. Etter §10 i kulturminnelova skal slike granskningar dekkast av tiltakshavar. Kulturminne i eventuell direkte konflikt med nye tiltak, og som det dermed må søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for, må visast med avgrensing (føresegningsområde) og nytt arealføremål i plankartet.

Kulturminna frå nyare tid innafor planområdet skal også i størst mogleg grad bevarast. På dei sist mottekne skissene over planlagd vegtrasé (digital fil datert 05.05.17) er den planlagde traséen mellom anna i direkte konflikt med dei to tidlegare fangeleirane tilhøyrande Fjell festning. Desse fangeleirane er ikkje fagleg dokumentert. Fjell festning er det største anlegget av sin art i Noreg; eit massivt, komplekst og stort anlegg

av kanonstillinger, luftartilleri, skyttargravar og underjordiske tunnelar, og delar av anlegget vart vedtaksfreda i 2004 (Askeladden 94447). Fangeleirane er ikkje ein del av det vedtaksfreda området, men er ein viktig del av festninga si historie. Restane etter fangeleirane bør difor dokumenterast på ein fagleg god måte før vegplanen skal realiserast. Hordaland fylkeskommune kan hjelpe til med dokumentasjonen av dei to fangeleirane.

Rapport frå den arkeologiske registreringa er vedlagt. Faktura for den delen av den arkeologiske registreringa som vart gjennomført i 2017 vert ettersend.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Ambjørg Reinsnos  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Rapport 29-2016 - Fv 555 Kolltveit -Austefjorden - Fjell kommune